



→ Les dei 3 ulike alternativa for korleis Vetle handterer situasjonen. Prøv gjerne å spele dei høgt for å kjenne på korleis dei opplevast. Set poeng frå 1–10 på dei ulike døma etter korleis dette blir for både Vetle, Leah, Sara og dei andre i klassa.

1. Setje Sara på plass framfor alle

Vetle kjenner at det kokar litt. Han snur seg brått, reiser seg og går bakover i klasserommet. Det blir litt stillare rundt han. Han stoppar ved pulten til Sara. “Eg reknar med det er du som har starta dei greiene om Leah,” seier han høgt. Folk rundt begynner å følgje med. Sara ser opp, litt overraska. “Kva meiner du?” Vetle ristar på hovudet. “Slutt å late som. Du er berre sjalu. Og eg gidd ikkje halde på med nokon som driv på sånn.” Det blir heilt stille rundt dei no. “Så du kan berre drite i å sende fleire meldingar. Eg er ferdig med det der.” Han snur seg og går tilbake til plassen sin. Ingen seier noko med ein gong, men alle fekk det med seg.

2. Ta det roleg og rydde opp

Vetle kjenner at han må gjere noko. Han reiser seg og går bort til Sara. “Kan eg snakke med deg eit augeblikk?” seier han lågt. Ho ser litt skeptisk ut, men blir med ut på gangen. Vetle nøler litt før han byrjar: “Eg må berre seie unnskyld viss eg har vore litt uklar.” Sara ser på han, utan å seie noko. “Eg trur kanskje du har trudd at det var meir mellom oss enn det eg eigentleg føler. Og det er min feil.” Han trekkjer pusten. “Men det som går rundt no om Leah, det må stoppe. Det er ikkje greitt, og det er ikkje hennar skuld.” Han ser rett på henne. “Eg er ikkje interessert i Leah. Men det her blir berre stygt viss det held fram, så eg forventar at du fiksar det.” Sara seier framleis ikkje noko. Men ho høyrer.

3. Bruke humor og ta kontroll på stemninga

Vetle merkar at fleire snakkar. Han snur seg litt rundt i klasserommet og seier høgt: “Ok, kan vi berre stoppe litt?” Dei andre ser på han forventningsfullt. “Det går visst heilt sjuke rykte her no.” Han ser rundt. “Berre så det er sagt – det er ikkje noko mellom meg og Leah. Vi prøver faktisk berre å gjere skularbeid.” Litt latter. “Eg veit det er sjokkerande, men det er faktisk mogleg.” Fleire ler no. Han trekkjer litt på skuldrene. “Og viss nokon har tenkt å lage drama av det, så må de finne på noko meir interessant enn det der.” Stemninga endrar seg litt. Nokon mistar interessa. Nokon ser litt usikre ut. Samtalen skilir vidare.